## Innspel til revisjon av trafikksikringsplan, Fitjar kommune, våren 2021

Tabellen under viser eit resymè over innspela som kom til revisjon av trafikksikringsplanen i samband med oppstartsmelding. Alle innspela er i heilskap tilgjengelege i kommunen. Innspela er gitt serienummer 3xx for å skilje dei frå innspel frå førre periode.

| Innspel frå | Inn-spel nr. | Krins | Tiltak forslag | Prosjekt-ark utarb. | Merknad/ vurdering |
|---|---|---|---|---|---|
| Nils Vestbøstad | 301 | ØB | Opprusting av vegen frå Austebøen på Rydland til Sagvåg<br><br> | Nei | Strekninga er ein del av tidlegare «Stord vestside-pakke».<br>Strekninga manglar gul midtstripe.<br>Det er ikkje gjort noko særleg med strekninga sidan 70-talet.<br>Sidan dette er omkøyringsveg når E39 er stengt bør det fremjast utbetringstiltak for denne vegstrekninga i samband med at ein no tar fatt på Hordfast – ferjefri E39. Vegen er ikkje dimensjonert for ein så stor trafikkauke som det vil verte i perioden med omkøyring.<br><br>Lars Tore Martinsen i VLFK har informert om at Stord vestside etter planen skal vere ferdig som planforslag til sommaren. Stord kommune, på vegne av både Stord og Fitjar, er saksbehandlar. Når planen er ferdig med politisk behandling kan begge kommunane spele prosjektet inn for utbygging gjennom RTP.<br><br>Fartsgr.: 80 km/t<br>ÅDT: 1500 (2019) |
| Dåfjorden velforeining | 302 Jf. 303 | Sel | Sjå heile Dåfjordvegen under eitt sidan dette er einaste tilkomstveg til Dåfjorden.<br>1,3 km ligg i Stord kommune.<br>3,4 km ligg i Fitjar kommune.<br>Dette er skuleveg.<br><br>Manglande belysning på ei strekning ca. 800 m. | | Når det gjeld utbetring av fylkesvegen vil det setjast på lista over langsiktige tiltak som har behov for konsekvensutgreiing.<br>Fartsgr. 40 og 60 km/t<br>ÅDT: 0-2,1 km er 410 (2019)<br>2,1-4,5 km er 200 (2019)<br><br>Ligg i Stord kommune.<br><br>Det skal etablerast hjartesone ved Selevik skule. |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Behov for utviding av parkering ved Selevik skule, samt utbetring av siktsoner (ønskjer at dette vert prioritert som strakstiltak).<br> | Ja | Det er sett av midlar til utbetring av parkering/av- og påstigning, samt utbetring av siktsoner ved Selevik skule. Ein bør vurdere å etablera fartshumpar før og etter av- og påstigning |
| FAU v/ Selevik skule | 303 Jf. 302 | Sel | Fv 5068 – Vegstandarden på fylkesvegen oppfyller ikkje krava til ein trygg skuleveg.<br>Vegen er smal og svingete, berre 3-4m brei.<br>Manglar vegskulder mange stader, store høgdeforskjellar og våte grøfter gjer det vanskeleg å gå til side/plassera seg trygt når bilar passerer.<br>Fleire stader med dårlege siktsonar. Trafikkmengda er aukande (nye bustader, fritidsbustader og næring).<br><br>Utbetring av fire sonar som låg i TS-planen i førre planperiode er ikkje utført.<br><br>Manglande veglys på strekninga Småvikane-Westerheim.<br><br>Området ved innkøyring til skulen må utbetrast. Dårleg sikt. Utfordrande ved skulestart/slutt når foreldre som hentar born skal snu. | <br><br>Ja<br><br><br>Ja | Sjå innspel 2.<br><br>Sidan det ikkje er realistisk at fv. 5068 vert utbetra med gs-veg i nær framtid, og det er usikkerheit knytta til om Selevik skule får fortsetje å være nærskule, anbefaler ein å sjå på mogelegheiter med å utbetre snarvegar til skulen (stiar) – her er det mogeleg å søkje midlar frå VLFK.<br><br>Innspel 221-224 i prosjektark førre periode<br><br>Manglande belysning på Dåfjordvegen som ligg i Stord kommune vert ikkje prioritert av Fitjar kommune<br><br>Gjennomføra haldningsskapande kampanje for born og føresette. |
| FAU v/ Øvrebygda skule | 304 | ØB | Det er behov for strakstiltak på Hellandsvegen for å drenera bort vatn som har samla seg i to djupe basseng.<br>Opphøgd gangfelt ved Øvrebygda bedehus.<br> | Nei<br><br>Ja | Kommunen tek tak i problem med oppsamling av vatn i Hellandsvegen (driftssak).<br><br>Kryssingspunktet ligg akkurat i overgangen mellom to fartsgrense sonar. Vurdere å flytte 40-sona til forbi kryss mot Helland og Koløyholmen. Vurdere å etablera fartshump på oppsida av krysset i samband med opprusting av grusa gs-veg mot Koløya. Kommunen prioriterer asfalt og skilje mellom gs-veg og køyreveg mot Koløya. |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Uoversiktleg sving i botnen av Heiabrekko. Behov for gs-veg eller utviding av veg i svingen<br><br>GS-veg frå skulen mot Årbø.<br><br>Vegen frå skulen over Tislavoll er smal og uoversiktleg (kumlokk som ligg djupt i vegen gjer at bilane ikkje kan halde sida si, men ligg ut i vegen).<br><br>Uoversiktleg sving ved Minkamyra. Ingen vegskulder. Behov for utviding av eksisterande veg.<br><br>Manglande veglys på Hellandsvegen mot Synninga.<br><br>GS-veg frå skulen mot Koløya treng kantstein og asfaltering. | Ja<br><br>Ja<br><br>Nei<br><br>Ja<br><br>Ja<br><br>Ja | Mogeleg kortsiktig tiltak å utbetra sving. Innspel 42-89 førre periode.<br><br>Behovet for gs-veg vurderast som eige tiltak (manglande gs-vegar). Innspel 207-218 i liste over tiltak i prosjektark førre periode<br><br>Vurdere om det er mogeleg heva kumloka med justeringsring. Må meldast inn til driftsansvarleg entreprenør.<br><br>Innspel 48,95 i prosjektark<br><br>Takast inn i prosjektark for gatelys.<br><br>Vurdering av kostnad/inkludert fartshump på oppsida av kryss ved bedehuset. |
| Dåfjorden nærings-forum | 305 Jf. 302 og 303 | Sel | Foreslår gs-veg som eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen og VLFK (og kraftlaget).<br><br>Auka trafikkmengd som følgje av auka utbygging, næringsverksemd og tilreisande gjev behov for nye målingar av ÅDT.<br><br>Siktsoner kring skulen bør utbetrast som strakstiltak. Veglys langs heile skulevegen | Ja<br><br><br><br>Ja | Sjå innspel 302 og 303<br><br>Kommunen vurderer om ein vil be VLFK om å gjere nye målingar av trafikkmengd og fart.<br><br>Lys som manglar ligg i Stord. |
| Dåfjorden velforeining | 306 Jf. 302, 303 og 305 | Sel | a) Behov for p-plass ved vegen ned mot badeområde ved Rydlandsaga.<br><br>b) Avkøyrsle til p-plass ovanfor Rydlandsaga – behov for utbetring av sikt.<br> | Nei<br><br>Nei | a) Ligg i Stord kommune. Takast ikkje inn i TS-planen for Fitjar kommune.<br><br>b) Sjå innspel 301.<br>Ligg på strekning utan gul midtstripe. Vegens kurvatur gjev naturleg fartsdemping.<br>Ligg på strekninga for ny plan «Stord vestside» |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | c) Rydland – Årbø, behov for gs-veg med veglys | Ja | c) Sjå innspel 304. Strekket langs hovudveg har bakketoppar som hindrar sikt.<br>Belysning gjev god effekt. Det er begrensa midlar til utbygging av gs-vegar. Konkurrerer med resten av fv-strekningane i fylket.<br>Innspel 207-218 i liste over tiltak prosjektark førre periode |
| | | | d) Avkøyrsle ved Dalshaugane, fartsgrensa bør senkast til 60 km/t mellom dei to sonene på strekninga frå Årbø til Tveita<br> | Nei | d) Utbygging av dagsturhytte med startpunkt frå Dalshaugane vil føra til auke trafikk til turmål i området.<br>Parkeringsplassen er allereie overbelasta på utfartsdagar med godvér.<br>Kommunen planlegg ei utviding av p-plassen (ca. dobla areal). I høve til dette bør ein vurdere å heva terrenget i avkøyrsla og retta ho meir opp. Ein bør og sjå på mogelegheit for å setje opp skilt med parkering forbode langs begge sider av fylkesvegen. Det er lettare for politiet å handheva eit slikt forbod enn fartsoverskridingar.<br><br>Viss ein ønskjer å senka fartsgrensa må kommunen søkje fylkeskommunen om dette.<br>Må vurderast opp mot [fartsgrensekriteriene – NA-rundskriv 2021/01] |
| | | | e) Manglande gs-veg med veglys frå Vik til 60-sona nord for Tveita | Ja | e) Behovet for gs-veg vurderast som eige tiltak. Manglande belysning vert lagt inn i strekningar med prioritet i prosjektark for gatelys. |
| Rolf-Atle Rolfsnes | 307 | Rim | Avkøyrsle til skytebana på Årskog – ikkje opning i autovern gjer at gåande og syklande ferdast på utsida av autovernet.<br> | Nei | Det er ikkje tilrådeleg å opne autovernet på ein strekning med 80-sone.<br>For å løyse dette må ein sjå på mogelegheiter for å flytta avkøyrsla (samarbeid med skyttarlaget) nord til brannstasjonen. Det er skilje mellom ts-tiltak og tiltak for betra framkomst. |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Kjell Nesbø | 308 | Rim | Manglande snuhammar i Steinabrekko, Fitjarstølane | Ja | Vert prioritert som tiltak av kommunen (også i Sørestølen og Vestbøstad øvre og nedre) |
| Signe Rydland | 309 | Rim | Fartsdempande tiltak i Rossneset.<br>Ein opplever at fartsgrensa ikkje vert respekterte.<br>Mykje anleggstrafikk i samband med utbyggingsaktivitet. | Nei | Rossnesvegen har fartsgrense 40 km/t og gs-veg som er fysisk skilt frå køyrevegen.<br>I handbok V128 står det at nye boligvegar skal være utforma slik at køyrefarten ikkje overstig fartsgrensa og at dette kan sikrast ved å unngå rettstrekningar på over 200-300 meter. Rettstrekka i Rossnesvegen når ein kjem forbi avkøyrsle til idrettsparken er alle under 200 m lange.<br><br>Trygg trafikk og VLFK rår imot bruk av skilt «born leikar» fordi dette kan gi ein falsk tryggleik.<br><br>Vurdere haldningskampanje i høve til fartsgrenser, ein kan ikkje løyse alle slike utfordringar med fysiske tiltak, når årsaka ligg i manglande respekt for fartsgrensa. |
| Marie Hovstad | 310 | Rim | Manglande busstopp på austsida av fv. 545 på Rimbareid<br><br>Bussen stoppar ulike plassar i vegen ved avstiging og dette skapar farlege situasjonar.<br><br>Det kan verke som ein ikkje har klart å fanga opp at det ikkje er planlagt busshaldeplass på austsida. | Ja | To reguleringsplanar som møtast i krysset mellom Fv 545, Fitjarvegen og Rimbareidvegen. Nord for krysset PlanID 201101 og sør for krysset PlanID 201304.<br><br>Dette må meldast inn som eit kollektivtiltak sidan det krev ei større investering å få utbetra dette. Når det ikkje er heimel i reguleringsplanane i høve til areal sett av til haldeplass, må ein søkje å få til ei minneleg avtale med grunneigar om det skal gjerast ei utbygging. Evt. må det gjerast ei mindre reguleringsendring i ei av dei omtala reguleringsplanane.<br><br>ÅDT er 1900 (2019) og fartsgrensa 60 km/t. I henhald til V123 Kollektivhandboka, kan det då etablerast kantstopp, men vi tilrår likevel å byggje busslomme fordi det ikkje er etablert andre kantstopp på strekninga.<br>Kostnad: ca. 600.000 kr |

<table>
<tr><td>Kjell Lieberg</td><td>311<br>Jf.<br>313</td><td>Rim</td><td>Redusert fartsgrense og fartsdempande tiltak på strekninga Prestbø-Kalveidkrysset.<br>Økt trafikkmengd etter utbygging på gs-veg på 2000-tallet.<br><br>Utbygging på Vestbøstad, Kråko, Kalveid mv.<br>Mange utkøyrsler og sidevegar.<br>Behov for avlastningsveg.</td><td>Nei</td><td>Vurdere å utvida 40 -sona inn mot Fitjar sentrum til å gjelde frå der 50-sona startar ved Reino i dag.<br>Må vurderast opp mot fartsgrensekriteriene – NA-rundskriv 2021/01<br>Viss ein ønskjer å senka fartsgrensa må kommunen søkje fylkeskommunen om dette.<br><br>Fartsgr. 50 km/t<br>ÅDT: 1500 (2019)<br>(ÅDT er lågare enn det innsendar meldar: 2500).<br><br>Støymålingar må meldast inn som ein eiga sak uavhengig av TS-planen.<br><br>Innspel 18-98-122 og 226 gjeld kryss v/ Kalveidet og Kråko.</td></tr>
<tr><td>Osternes grendalag</td><td>312</td><td>Rim</td><td>Dårleg vegstandard.<br>Behov for utbetringar ved fjerning av berg langs vegen.<br>Behov for fleire og større møteplassar.<br>Dårleg sikt på fleire strekningar.<br>Manglande veglys.<br>Auka trafikkmengd.<br><br><br><table><tr><td>Fv76 Spanstegen-Tveit</td><td>Spanstegen</td><td>Utbetre svingar ned frå Spanstegen til Gloppevatnet for å endre vegklasse, slik at vogntog kan nytte vegen utan dispensasjon</td></tr><tr><td>Fv76 Spanstegen-Tveit</td><td>Tuftelandsmyro</td><td>Endre vegklasse, slik at vogntog kan nytte vegen utan dispensasjon</td></tr><tr><td>Fv 76 Tufteland-Skumsnes</td><td>Olderhåla/Nedre Øyero</td><td>Sikring og utbetring av veg som held på å rasa ut.</td></tr><tr><td>Fv 76 Tufteland-Skumsnes</td><td>Øvre Øyero</td><td>Utvide veg med meisling/lage møteplass</td></tr><tr><td>Fv 575 Spanstegen-Årskog:</td><td></td><td>Fortau frå Landa til Årskog</td></tr><tr><td>Fv76 Spanstegen-Tveit</td><td>Heile vegen</td><td>Hogge vegetasjon langs veg for å opne siktsoner</td></tr><tr><td>Fv76 Spanstegen-Tveit</td><td>Gloppo</td><td>Heve veg for å unngå oversvømming ved regnfall</td></tr><tr><td>Fv76 Spanstegen-Tveit</td><td>Heile vegen</td><td>Meisle/fylle i vegkantar for å skape fleire møteplassar</td></tr><tr><td>Fv 76</td><td>Heile vegen</td><td>Gatelys langs vegen</td></tr><tr><td>E 39</td><td>Sandvikvåg- Engevik</td><td>Fullføre vegtrasse med gang og sykkelveg</td></tr></table></td><td><br><br><br><br><br><br>Ja</td><td>Fylkesveg 5072, Osternesvegen.<br>Fartsgrense: 80 km/t.<br>ÅDT: 200 (2019) frå Spanstegen-Nese.<br>ÅDT: 120 frå Nesevegen til Tveit.<br><br>Fylkesveg 5072. Nesevegen.<br>Fartsgrense: 80 km/t.<br>ÅDT er 70 (2019).<br><br>Vegstrekningane er ikkje etter dagens standard. Men utbetring av fylkesvegane her må gjerast som utbyggingsprosjekt (med reguleringsplan) og ikkje i som ts-tiltak. Her må ein sjå på tiltak som vil gje auka trafikksikkerheit no og ikkje ein gong i framtida.<br>Som nemnd i andre tiltak er belysning eit godt og realistisk tiltak å gjennomføre. Må inn i liste over prioriterte strekningar for veglys.<br><br>Ein vurderer det som går på ts-tiltak, noko kan spelast over til drift og vedlikehald (vegetasjon og handtering av overvatn).</td></tr>
</table>

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | Når det gjeld utbetring av fylkesvegen (m/ gs-veg) vil det setjast på lista over langsiktige tiltak som har behov for konsekvensutgreiing. |
| Finn Ara Maraas | 313 Jf. 304, 306 og 311 | ØB | a) Gangfelt ved Øvrebygda bedehus.<br> | Nei | Det er opning i kantmur for kryssing av veg, men ikkje etablert fotgjengarfelt. Det er låg fart i området, 40 km/t, men uheldig overgang til 50-sone rett før kryssingspunkt. Vurdera å flytte 40-sona til etter krysset. Det anbefalast å etablerast fartshump på oppsida av krysset. |
| | | | b) Gangfelt nedanfor vindusfabrikk på Sjoarneset. | Nei | b) Kryssingspunkt ved vindusfabrikken ligg på strekning med fartsgrense 50 km/t. Iht. Handbok V 127 «Kryssingsteder for gående» (2017) er det ikkje anbefalt å etablere nye gangfelt på vegar med ÅDT<2000, skilta fartsgrense 50 km/t og kryssande i makstime <40. Då er det tilrådeleg med tilrettelagt kryssing, slik det er løyst i dag. |
| | | | c) Gangfelt på Vestbøstad ved slutten av gs-vegen. | Nei | c) Sjå kommentar ovanfor. |
| | | | d) Gangfelt ved kryss til Kalveid. | Ja | d)Tilrettelagt kryssingspunkt ligg i sving med dårleg sikt. ÅDT<2000 og det er truleg ikkje fleire enn 40 kryssande i makstime. Det bør vurderast fartshump sør for busstopp Vestbøstad nord og nord for kryss mot Kalveid. Iht. Innspel nr. 18, 98, 122 i prosjektark. Prosjektark må oppdaterast – går for alternativt tiltak |
| | | | Strekninga Vik-Årbø treng breidare veg og gatelys. | | Sjå innspel 306 |
| | | | Strekninga Årbø til Koløyholmen har smal veg med dårleg vegskulder (fart opplevast høg). | | Vegutbetring må vurderast som utbyggingsprosjekt. |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Hildegunn og Torleif Solli | 314 | Rim | For høg fartsgrense i Fitjargardsvegen som er brukt av skuleborn til dagleg.<br>Veldig smal veg. | Nei | Det bør vurderast om denne vegen burde hatt 40-sone sidan den er nytta som skuleveg og ligg sentrumsnært.<br>Det er fleire enn dei som bur langs vegen som nyttar denne til skuleveg, blant anna frå Stølsvegen. Godt tiltak å etablera 40-sone. |
| Oddrun Børtveit | 315 | Rim | Behov for veglys langs snarveg frå Fitjarstølane.<br><br>Mange kryssar fv. 545 og det er ønskje om undergong under hovudvegen.<br> | Ja<br><br>Nei | Setjast på lista over strekningar med behov for veglys, men vert ikkje prioritert høgt på lista.<br><br>Å byggje undergong er ei svært dyr investering og forsking syner at mange likevel vel å kryssa der det er lettast å gå (få vil ta lange omvegar, sjølv om det er tryggare).<br><br>Det er i dag tilrettelagt kryssingspunkt på staden.<br>Her er god sikt for både gåande og køyrande, og det er tryggare for dei mjuke trafikantane å være årvåkne og krysse vegen når de er klart.<br><br>ÅDT er 1200 (2019) nordover og 1300 sørover.<br>Fartsgrense 60 km/t.<br><br>I henhald til V127 kan det der fartsnivået ikkje overstig 65 km/t og det er få kryssingar brukast tilrettelagt kryssing. |
| Gunn Evy N. og Bjørn Haaland | 316 | Rim/ ØB | Behov for utbetring av bru over Synningjo.<br><br>Brua er svært smal og det er vanskeleg for mjuke trafikantar å møta bilar og større køyretøy.<br> | Ja | Det er inga tvil om at det er utfordrande for mjuke trafikantar å ferdast over denne brua.<br><br>Brua er eigentleg 3 bruer. Det er mogeleg å løyse denne utfordringa. MUL anbefaler kommunen om å gjere eit forprosjekt (grunnundersøkingar, tilstandsvurdering av eksisterande bruelementar og evt. miljøundersøkingar). Ut i frå dette er det mogeleg å skissert ei løysing og kostnader for denne. |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | Strekninga mellom Breiavika og Helland har ikkje veglys.<br><br>Auka trafikk på vestsida av Storavatnet (pga. utbygging på Kråko). | | Sjå innspel 304.<br><br>Knaus nord for bru er innspel 54 i prosjektarka.<br>Punktutbetring Breiavikjo sør. |
| Kommunen | | | Autovern – Havnahagen<br><br> | Ja | Gjerde på mur (ledegjerde) |
| Kommunen | | | Fjellrensk:<br>Koløyvegen<br><br>Tislavoll<br>Vestbøstadvegen | <br><br><br>Ja | <br>Innspel prosjektark 48-95 førre periode. |
| Kommunen | | | Sprenging av bergknaus Koløyvegen for betre sikt | | Innspel prosjektark 11-49 |
| Kommunen | | | Samanhengande gang- og sykkelvegar | Ja | Langsiktige tiltak<br>Eigne prosjektark pkt. 5.5 i ts-planen. |
| Oppsitjar til synfaring | | | Autovern - Osterneset | Ja | Rekkverk må vurderast ut frå at det er svært smal veg og ingen vegskulder (behov for fylling?) |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | |  | |  |
| Kommunen | | | Gs-veg for ny barnehage på Rossneset, frå eksisterande gangfelt ved busstopp.<br> | Ja | Ca. 130 meter med ny gs-veg |
| Kommunen | | | Fortau foran Brannstasjon i sentrum – reguleringsplan<br> | Ja | Kommunen har sikra areal mellom busslomme i vest og avkøyrsle til brannstasjon. Ventar på gjennomføringsavtale med VLFK som har sett av 500.000,- kr til formålet. |
| Kommunen | | | Kryss til Kråko – reguleringsplan<br> | Ja | Innspel prosjektark 226 førre periode<br>Reguleringsplan Kvedno/Kjærelva – Næring og veg. PlanID 201404 |